

Aktuelle utbyggingsprosjekt av tømmerkaiar i Rogaland

Grunnlag for prioritering



Søndenåneset tømmerkai – Vindafjord

*Stavanger oktober 2013
Rogaland Skognæringsforum
Gerd@Skogselskapet.no*

Innhold

Bakgrunn	3
Eksisterande kaiar - oversikt	4
Volum levert 2011-2012	5
Fakta om den enkelte kai	6
1. Egersund havn i Eigersund kommune.....	6
2. Sandnes hamn i Sandnes kommune.....	7
3. Barnevik tømmerkai i Hjelmeland kommune	8
4. Ombo tømmerkai i Finnøy kommune	8
5. Berakvam tømmerkai i Suldal kommune.....	9
6. Søndenåneset tømmerkai i Vindafjord kommune.....	10
7. Utbjoa kai i Vindafjord kommune	11
8. Dommersnes kai i Vindafjord kommune	11
9. Ramsvik kai i Tysvær kommune	12
Dekningsområde for nemnte kaier – figur 3	14
Regionvise vurderingar av behov for tømmerkai og investeringsbehov	15
Generelle vurderingar	15
Sørfylket.....	16
Ryfylke	17
Nord- Rogaland.....	18
Konklusjon	19

Bakgrunn

Rogaland skognæringsforum står bak initiativet med utarbeidinga av eit grunnlagsdokument for prioritering av aktuelle tømmerkaier i Rogaland. Arbeidet er utført av ei arbeidsgruppe oppnemnd av styret i Rogaland skognæringsforum med tre representantar – Inga Apeland Vestskog SA, Markus Junge Nortømmer AS og Stein Bomo Fylkesmannen.

Resultatet av arbeidet med aktuelle utbyggingsprosjekt av tømmerkaier i Rogaland er behandla i styret i Rogaland skognæringsforum, den 14.10.2013, der dei stiller seg samstemt bak dette grunnlagsdokumentet for prioritering av tømmerkaier i Rogaland.


Eksisterande kaiar - oversikt

Kartet under viser ei oversikt over dei mest aktuelle tømmerkaiene i framtida som kan takle anløp av større båtar, det vil seie > 4000 m³. Desse kaiene er også i hovudsak dei mest brukte tømmerkaiene i dag.

I tillegg viser kartet (grønt) kor tyngdepunktet av skogressursane er i fylket.

Namn på kaiene merka med fyllfarge gul er tømmerkaiar der skogbruket har kortsiktige avtalar om levering av tømmer. Namn merka med fyllfarge grøn er tømmerkaiar som skogbruket eig og har kontroll på sjølv i større og mindre grad, eller har langsiktige avtalar om bruksrett.

Kaiene som skogbruket disponerer er relativt små med 20 – 30 meter kaifront. Med 25 meter kaifront disponibelt, kan det leggjast opp ca 600 m³ tømmer som kan lastast direkte om bord i båt.



Figur 1. Oversikt over kaiar i Rogaland.

Gul markering tyder at skogbruket har kortsiktig avtale om levering av tømmer. Grøn farge tyder at det er skogbruket sjølv som eig og kontrollerer sjølv, eller at ein har langsiktige avtaler om bruksrett.

Volum levert 2011-2012

Her er ei oversikt over tømmervolum levert over ulike kaiar dei siste 2 åra (2011-2012). Tala er henta frå Vestskog SA og Nortømmer AS. Samla hogst (tal VSOP) i Rogaland var i same perioden (2011-2012) på 182 000 m³. Det betyr at over 80 % av innrapportert hogstkvantum har blitt transportert på båt.

Namn	Volum 2011-2012
Eigersund havn	4 000 m ³
Sandnes havn	42 000 m ³
Barnevik - Hjelmeland	25 000 m ³
Ombo - Hjelmeland	2 000 m ³
Berakvam - Suldal	6 000 m ³
Jelsa – Suldal	12 000 m ³
Søndenåneset	6 000 m ³
Utbjoa – Vindafjord	14 000 m ³
Vats (Hatteland) – Vindafjord	15 000 m ³
Dommersnes - Vindafjord	20 000 m ³
Ramsvik - Tysvær	8 000 m ³
SUM	154 000 m³

Figur 2. Oversikt over tømmervolum levert over dei ulike kaiane i åra 2011 - 2012

Fakta om den enkelte kai

Innleiing

I faktaomtalen har vi omtalt dei mest aktuelle tømmerterminalane som allereie i dag taklar større båtar (6000 -7000 m³) og kaianlegg som er aktuelle for oppgradering for å takle større båtar og forventa volumauke i framtida.

Kvalitetssikring

Tekniske vurderingar av den enkelte tømmerkai er innhenta frå Vestskog SA og Nortømmer AS. I tillegg er kaiene som Vestskog brukar kvalitetssikra med båttransportør (reiarlaget Storesletten).

1. Egersund havn i Eigersund kommune

Eigar, drift og vedlikehald

Eigersund kommune - Eigersund havnevesen står som eigar og ansvarleg for drift og vedlikehald av kaien.

Tekniske forhold og tilstandsvurdering

Det er god djupne og gode lasteforhold for større båtar. Lastekapasitet ved kaifront er god med 1200 m³. Kaien er godt eigna for sluttlasting heile året – uavhengig av ver og vind. Kaien har ISPS-sikring¹ for å kunne ta i mot anløp av båtar som går i trafikk mot utlandet. Det er ikkje baklager. Tilstand på tekniske installasjonar, inkludert kaikroppen er vurdert som god.

Fleirbruk, samarbeidsavtalar og satsar

Skogbruket har ingen langsiktige avtalar om bruk av kaien. Ulike aktørar har tilgang til kaien gjennom året. I periodar er det ikkje mogleg å få levert tømmer. Satsane for bruk av kaien er 15 kr/m³, - pluss arealleige pr. m² for alt virke etter fire døgn. Prisnivået er høgt samanlikna med andre tømmerkaiar.

Dekningsområde

Dekningsområde er heile Dalane, pluss søre del av Jæren.

Vegstandard

Vegstandard fram til kaien er god.

Flaskehalsar

Største utfordringa er tidspresset. Mellom første tømmerlass inn på kaien til den må vere tømt er tidsfristen 4 døgn. Overskridingar av tidsfristen handhevast strengt og blir belasta med høge gebyr. I tillegg er leigekostnadane høge samanlikna med andre terminalar. Ingen langsiktige avtalar om levering av tømmer. Skogbruket kan lett komme i skvis i forhold til andre aktørar med høg betalingsevne.

Det er ikkje baklager for mellomlasting ved kaianlegget. Tidsfristar, høg leige og manglande baklager gjer kaien utfordrande å bruka for skogbruket.

Spesielle fortrinn

¹ ISPS-sikring er eit krav til alle båtar som går i utanlandsk trafikk. Det betyr at det blant anna er krav til inngjerding, beredskapsplan, vakthald m.m.

Ingen spesielle – grei geografisk plassering både med tanke på sjøtransport og dekningsområde på land.

2. Sandnes hamn i Sandnes kommune

Eigar, drift og vedlikehald

Sandnes kommune – Sandnes havnevesen står som eigar og ansvarleg for drift og vedlikehald av kaien.

Tekniske forhold, tilstandsvurdering, m.m.

Det er god djupne og gode lasteforhold for større båtar. Lastekapasitet ved kaifront er stor - 3500 m³. Kaien er godt eigna for sluttlasting heile året – uavhengig av ver- og vind. Kaien har ISPS sikring for å kunne ta i mot anløp av båtar som går i trafikk mot utlandet. Det er ikkje baklager. Tilstand på tekniske installasjonar, inkludert kailegeme er vurdert som god.

Fleirbruk, samarbeidsavtalar, satsar

Skogbruket har ingen langsiktige avtalar om bruk av kaien. Det er ulike aktørar som har tilgang til kaien gjennom året. Det er faste satsar for bruk som ligg på 15 kr/m³ pluss rydding.

Dekningsområde

Dekningsområde sør for Boknafjorden, Jærregionen og delar av Dalane.

Vegstandard

Vegstandard fram til kaien er god.

Flaskehalsar

I løpet av 2-3 år vil kaien stengast for utskipping av tømmer. Det er under bygging ny kai i nærleiken (Lura), men det er signalisert at det er uaktuelt med utskipping av tømmer her. Det vil då ikkje vere andre alternativ i rimeleg nærleik. Ingen langsiktige avtalar om levering av tømmer.

Det er ikkje baklager og kaien er nattestengd.

Spesielle fortrinn

Stor lastekapasitet ved kaifront, elles grei geografisk plassering både med tanke på sjøtransport og dekningsområde.

NB! Det er teke eit initiativ frå Sandnes havnevesen med tanke på etablering av ein eventuell ny kai anna stad i kommunen, og der skogbruket er "ønska" som ein samarbeidspart/del av ei fleirbruksløyning (ikkje den som no blir bygd til erstatning for eksisterande). Dette må følgjast opp vidare.

3. Barnevik tømmerkai i Hjelmeland kommune

Eigar, drift og vedlikehald

Vestskog SA er eigar av tømmerkaien står som ansvarleg for drift og vedlikehald av kaien. Kommunen har ein langsiktig avtale om leige av grunnen. Kommunen er ansvarleg for vedlikehald og brøyting av vegen. Per dato er det no strid rundt levering og bruk av kaien frå andre tømmeraktørar som også ynskjer å bruke kaien.

Tekniske forhold, tilstandsvurdering, m.m.

Det er god djupne og gode lasteforhold for større båtar. Lastekapasitet ved kaifront er middels - 800 m³. Kaien er godt eigna for sluttlasting heile året – ligg relativt skjerma for ver- og vind. Kaien har ikkje ISPS sikring for å kunne ta i mot anløp av båtar som går i trafikk mot utlandet. Det god baklagerkapasitet med ca 1500 m³. Tilstand på tekniske installasjonar er ikkje nærmare vurdert. (Det er for ein del år tilbake gjennomført mindre vedlikehald av hol i dekke).

Fleirbruk, samarbeidsavtalar, satsar

Kaien blir i dag brukt av Vestskog SA og Nortømmer AS. Retningsliner om bruk av kaien frå andre aktørar innan skogbruket manglar.

Dekningsområde

Dekningsområde er Hjelmeland, Strand og Forsand

Vegstandard

Vegstandard fram til kaien er god.

Flaskehalsar

Det manglar i dag klare retningsliner for fleirbruk mellom skogbrukets aktørar.

Spesielle fortrinn

Skogbruket har kontroll og førsterett på bruken av kaien. Relativt stor lastekapasitet med 35 meter kaifront og god baklagerplass. Et kaianelgg som fungerer bra med grei geografisk plassering både med tanke på sjøtransport og dekningsområde.

4. Ombo tømmerkai i Finnøy kommune

Eigar, drift og vedlikehald

Vestskog SA står som eigar og ansvarleg for drift og vedlikehald. Kommunen eig grunn og veg ned til kaien. Kaien er nyleg renovert for å takle større båtar.

Tekniske forhold, tilstandsvurdering, m.m.

Det er god djupne og gode lasteforhold for større båtar. Lastekapasitet ved kaifront er liten - 500 m³. Kaien er ikkje eigna for sluttlasting heile året – grunna ver- og vindforhold. Kaien har ikkje ISPS sikring. Kapasiteten for tømmer på baklager er liten. Tilstand på tekniske installasjonar nyleg vurdert. Kaien er nyleg renovert og er nå i god teknisk stand.

Fleirbruk, samarbeidsavtalar, satsar

Det er sambruk med havbruksnæringa og lokalt til masse/sand og andre varer. Fullstendige retningsliner for bruk av kaien av andre aktørar innan skogbruket er ennå ikkje på plass.

Dekningsområde

Dekningsområde er først og fremst Ombo.

Vegstandard

Vegstandard fram til kaien er god.

Flaskehalsar

Det manglar fullstendige retningsliner for fleirbruk mellom skogbrukets aktørar.

Spesielle fortrinn

Vestskog SA har kontroll og førsterett på bruken av kaien. Relativt stor lastekapasitet med 35 meter kaifront og god baklagerplass. Et kaianlegg som fungerer bra med grei geografisk plassering både med tanke på sjøtransport og dekningsområde. Ligg skjerma med tanke på støy.

5. Berakvam tømmerkai i Suldal kommune

Eigar, drift og vedlikehald

Suldal kommune står som eigar. Vestskog SA har avtale om bruksrett av kaien. Slik Vestskog ser det er det kaieigar som har ansvar for drift og vedlikehald av kaien i lag med Norsk Stein. Norsk Stein har gjort ein del vedlikehald av kaien

Tekniske forhold, tilstandsvurdering, m.m.

Det er god djupne og gode lasteforhold for større båtar. Lastekapasitet ved kaifront er under middels - 600 m³. Kaien er godt eigna for sluttlasting heile året – ligg relativt skjerma for ver og vind. Det god baklagerkapasitet med ca 2000 m³. Kaien er ISPS sikra av Norsk Stein. Tilstand på tekniske installasjonar er ikkje nærmare vurdert. To faste støttar på den eine sida.

Fleirbruk, samarbeidsavtalar, satsar

Vestskog SA, Nortømmer AS, og Norsk Stein AS er brukarar av kaien. Vestskog har ein langsiktig avtale om bruksrett. Retningsliner om bruk av kaien frå andre aktørar innan skogbruket med satsar m.m. manglar. Mesteparten av baklagerkapasiteten er i dag leigd bort til Norsk Stein med ein oppseiingsfrist på 12 månader for begge partar.

Dekningsområde

Dekningsområde er Suldal og delar av Hjelmeland

Vegstandard

Vegstandard fram til kaien er god.

Flaskehalsar

Det manglar i dag klare retningsliner for fleirbruk mellom skogbrukets aktørar. Norsk stein har ei lasterampe på 10 meter som reduserer kaifronten frå 35 – 25 meter. Det er mellombels lagt beslag på mesteparten av bakarealet.

Spesielle fortrinn

Vestskog SA har kontroll og førsterett på bruken av delar av kaien. Det er god baklagerplass. Ligg sentralt plassert i forhold til større framtidige volum både med tanke sjøtransport og

dekningsområde. Ny Sandsfjord bru opnar opp eit større dekningsområde. Kaien ligg skjerma med tanke på støy.

6. Søndenåneset tømmerkai i Vindafjord kommune

Eigar, drift og vedlikehald

Vestskog SA er eigar av tømmerkaien og ansvarleg for drift og vedlikehald av kaien. Kommunen eig grunn og veg ned frå hovudvegen, og er ansvarleg for vedlikehald og brøyting av veggen.

Tekniske forhold, tilstandsvurdering m.m.

Kaien er liten med berre 20 meter kaifront - lastekapasitet 600 m³. Det er god djupne, men pga. kort kaifront og verhard plassering kan kaien berre brukast delar av året. Kaien er ueigna for sluttlasting og bruk av større båtar. Lite baklager på 500 m³ i dag, fordi delar av baklager leigd bort til lokal maskinentreprenør. Kaien er ikkje ISPS-sikra. Behov for vedlikehald. Det er avskaling av betong og synleg rust på armering under kaien. Det er ikkje utarbeidd fullstendig tilstandsrapport. Det er fire faste tømmerstøttar.

Fleirbruk, samarbeidsavtalar, satsar

Kaien blir i dag brukt av Vestskog SA, Nortømmer AS, Mesta AS, Havbruksnæringa og maskinentreprenør AB Andreassen. Vestskog har ein langsiktig avtale om bruksrett. Retningsliner om bruk av kaien frå andre aktørar innan skogbruket manglar med blant anna avklarte satsar for bruk m.m..

Dekningsområde

Dekningsområde er Vindafjord, Suldal, Sauda og Sunnhordland (Etne).

Vegstandard

Vegstandard fram til kaien er god.

Flaskehalsar

Kan berre brukast delar av året og taklar ikkje større båtar grunna kort kaifront i kombinasjon med ver og straumforhold. I tillegg manglar det også her retningsliner for fleirbruk mellom skogbrukets aktørar og eventuelt andre. Mellombels avtale om bruk med ein lokal entreprenør som legg beslag på delar av baklageret.

Spesielle fortrinn

Vestskog SA har kontroll og førsterett på bruken av kaien. Ligg sentralt plassert i fjordsystemet i forhold til større framtidige volum både med tanke sjøtransport/fylling av båtar og dekningsområde. Med ny Sandsfjord bru vil fleksibiliteten med fylling av båtar og handtering av fleire sortiment bli betre. Det betyr også kortare kjøring med bil. Med kaien på Berakvam i Suldal i tillegg og Søndenåneset fullt operativ, vil dette kunne bli ei god kailøysning for tyngdepunktet av skogressursane i vårt fylke. I tillegg vil også Søndenåneset kunna ta unna det store delar av volumet frå Etne som må transporterast over fylkesgrensa til Vindafjord for utskipping. Ligg relativt skjerma med tanke på støy.

7. Utbjoa kai i Vindafjord kommune

Eigar, drift og vedlikehald

Vindafjord Skogeigarlag står som eigar. Vestskog SA har det daglege driftsansvaret, mens Vindafjord skogeigarlag står for vedlikehaldet.

Tekniske forhold, tilstandsvurdering, m.m.

Det er god djupne og gode lasteforhold for større båtar. Lastekapasitet ved kaifront på 25 meter er middels - 800 m³. Kaien er godt eigna for sluttlasting heile året. Kaien ligg relativt skjerma for ver- og vind og kan brukast heile året. Kaien har ikkje ISPS sikring. Det god baklagerkapasitet med ca 1500 - 2000 m³. Tilstand på tekniske installasjonar er ikkje nærmare vurdert. Det er fire faste tømmerstøttar.

Fleirbruk, samarbeidsavtalar, satsar

Det er ingen samarbeidsavtalar om bruk av kaien frå andre aktørar innan skogbruket. Kaien blir leigd ut til Nortømmer AS, havbruksnæringa og sporadisk til andre.

Dekningsområde

Dekningsområde er Vindafjord, Tysvær Bokn, Haugesund og Sunn-Hordaland (Etne og Sveio).

Vegstandard

Standard på lokalvegen er ikkje optimal, men tilfredstillar krav for å kjøre med dagens vogntog til tømmertransport.

Flaskehalsar

Det manglar i dag retningsliner for fleirbruk mellom skogbrukets aktørar. Kort kaifront for å kunne takle større båtar i framtida (6000 – 7000 m³). Ei grunne på 5,5 meter i innseglinga er ikkje merka.

Spesielle fortrinn

Lokalt skogeigarlag har kontroll og førsterett på bruken av kaien. Kaien ligg sentralt i skipsleia med god baklagerplass. Ligg sentralt for å kunne handtere volum frå både Rogaland og Sunn-Hordaland.

8. Dommersnes kai i Vindafjord kommune

Eigar, drift og vedlikehald

Vindafjord kommune står som eigar og ansvarleg for drift og vedlikehald av kaien.

Tekniske forhold, tilstandsvurdering, m.m.

Det er god djupne og gode lasteforhold for større båtar. Lastekapasitet ved kaifront (60 meter) er stor med cirka 2000 m³. Kaien er godt eigna for sluttlasting heile året – uavhengig av ver og vind. Kaien har ikkje ISPS-sikring. Det er god baklagerkapasitet med truleg plass til over 1000 m³. Tilstand på tekniske installasjonar er ikkje nærmare vurdert. Det brukast lause støtter.

Fleirbruk, samarbeidsavtalar, satsar

Skogbruket har ingen langsiktige avtaler om bruk av kaien. Vestskog SA og Nortømmer AS leiger i dag kvar sin halvdel av kaien. Det er ulike aktører som bruker/tilgang til kaien gjennom året. I periodar kan skogbruket bli skvisa av andre aktører. Det er faste satsar for bruk som ligg på kr. 11.48 per/m³.

Dekningsområde

Dekningsområde er Vindafjord, Etne, Sveio og Haugesund

Vegstandard

Standard på lokalvegen frå Isvik inn til Dommersnes er ikkje optimal, men tilfredstillar krav for å kjøre med dagens vogntog til tømmertransport. Bruksklasse frå veglista er BK 10 - 19,5 m og 50 tonn.

Flaskehalsar

Det er kortsiktige avtaler om levering av tømmer. Skogbruket kan her lett komme i skvis i forhold til andre aktører, blant anna oljerelatert verksemd. Vegstandarden frå Isvik til Dommersnes er ikkje optimal – smal og svingete.

Spesielle fortrinn

Kaien ligg sentralt i skipsleia med stor baklagerplass - kapasitet 3000 -5000 m³. Stor kai med stort baklager/kapasitet. Ligg relativt skjerma med tanke på støy.

9. Ramsvik kai i Tysvær kommune

Eigar, drift og vedlikehald

Hinna Base AS står som eigar og ansvarleg for drift og vedlikehald av kaien. Vestskog har kosta opparbeiding av området for utskiping av tømmer.

Tekniske forhold, tilstandsvurdering m.m.

Det er god djupne og gode lasteforhold for større båtar. Lastekapasitet ved kaifront er cirka 800 m³. Kaien er godt eigna for sluttlasting heile året – uavhengig av ver og vind. Kaien har ikkje ISPS-sikring(?). Det er middels god baklagerkapasitet 1000 m³. Tilstand på tekniske installasjonar er ikkje nærmare vurdert.

Fleirbruk, samarbeidsavtaler, satsar

Skogbruket har ingen langsiktige avtaler om bruk av kaien. Vestskog SA leiger kaien i periodar. Stor fare for å bli skvisa av oljerelatert verksemd og eigar.

Dekningsområde

Dekningsområde er Tysvær, Bokn, Haugesund og delvis Karmøy.

Vegstandard

Standard på vegen fram til kai er bra.


Flaskehalsar

Ingen langsiktige og føreseielege avtaler om levering av tømmer. Oljeindustrien styrer bruken av kaien.

Spesielle fortrinn

Ramsvike er ein stor og god kai. Ligg svært skjerma med tanke på støy og lasting heile døgnet. Ideell plassering med tanke på tyngdepunkt for skogressursane i Tysvær og omkringliggjande region.

Dekningsområde for nemnte kaier – figur 3



Figur 3. Omtrentlig dekningsområde for nemnte kaier. Dekningsområde er det området tømmeret på kaia kjem frå. Stipla strek viser at for Karmøy og Bokn kommune vil det vere aktuelt med korttidsleige på Kopervik hamn på Karmøy.

Regionvise vurderingar av behov for tømmerkai og investeringsbehov

Generelle vurderingar

I eit oljedominert fylke er det ei stor utfordring å få på plass gode og langsiktige avtalar om levering av tømmer på svært mange sentrale kaiar eigd av andre enn skogbruket. Dette fordi betalingsevna hos andre, og spesielt oljerelatert verksemd, er langt over det som skogbruket kan betale. Skogbruket blir lett skvisa i forhold til andre og tyngre aktørar.

Gode og langsiktige leigeavtalar ville enkelte stader vore ei rimeleg og god løysing utan risiko, mot å gå inn å investere sjølv. Men marknadssituasjonen og framtidsutsiktene med ei stor og tung oljenæring i vårt fylke, gjer dette lite sannsynleg. Skogbruket er derfor i stor grad nøydd til å investere sjølv for å kunne ha langsiktige og føreseielege rammevilkår for levering av tømmer over kai. Det kan godt vere i fleirbruk med andre der det ligg til rette for det.

Fleirbruk stiller heilt andre krav til dimensjonering av kaianlegga enn berre få år tilbake då det var berre éin aktør på tømmeroppkjøp. No er dette bildet totalt endra med 2 større aktørar pluss tidvis eit par mindre aktørar. Tek ein i tillegg inn den forventede volumauken som kjem, og meir konsentrert hogst utan for mykje flytting, stiller dette heilt andre dimensjonskrav m.m. til tømmerkaiane enn dei kaiane som skogbruket rår over i dag.

Den gjennomsnittlege transportavstanden for tømmer levert over kai i Rogaland er på 32 km (Vestskog SA sine tal). Kostnaden på bil utgjer då 72 kr/m³. I tillegg kjem kostnader til ferje, bom og venting. Samanlikna med innlandsskogbruket kan den same tømmerstokken køyrast 70-80 km for same kostnaden som køyrer han 30 km på Vestlandet.

Ser ein isolert på undervegskostnadene på bil og båt vil ein også oppdage store forskjellar. Tal frå transporten i dag viser at undervegskostnaden per kilometer på bil er på 80 øre/m³. For båt er kostnaden per kilometer på berre 6 øre/m³. Dette vil seie at du kan frakte den same tømmerstokken 13 gonger så langt i båt samanlikna med bil. Sjøtransport av tømmer er med andre ord svært kostnadseffektivt.

Vestlandet, med lange avstandar til industri, eit dårleg offentleg vegnett for tømmertransport og ein geografi bestående av mykje fjell, fjordar og øyer, som krev både ferje og bompengar, vil i lang tid vere heilt avhengig av eit godt utbygd nett med tømmerterminalar for kostnadseffektiv tømmertransport langs kysten.

Med desse kostnadstala i botn betyr det at ein ikkje kan frakte store volum for lange avstandar på bilveger. Det vil heller ikkje vere rasjonelt å gå for nokre få store tømmerterminalar, fordi innkjøringskostnadane på bil raskt vil bli for store. Dette talar for at vi bør byggje vidare på den allereie småskala strukturen vi har, med mange relativt små terminalar, slik at vegtransporten blir kortast mogleg.

Vi legg her også til grunn at transporten på båt vil gå i retning av større og meir effektive båtar. Ombygging og utviding av eksisterande lokalitetar, slik at dei kan takle større båtar, vurderer vi som den mest optimale løysinga mange stader. Så lenge desse mindre kaianlegga ligg sentralt i skipsleia og held tekniske krav, har båttransportørane uttrykt at det er relativt små ekstrakostnader med å hente/plukke mindre volum på fleire små kaiar i forhold til på få store kaiar.

For å takle større framtidige volum og fleire sortiment vil vi vere avhengig av å bruke det vi har av kapasitet i tillegg til ny. Det kan og vere ein fordel å ha fleire kaiar å spela på for å takle ulike sortiment, blant anna flis, grot m.m. Fleksibiliteten med fylling av båtar vil også vere positivt med tanke på fleire kaiar og sortiment på ulike kaiar.

Det ideelle er å kjøre alt virke direkte ut på kaifront utan å gå omvegen om baklager. Med fleire kaiar å spela, vil det også svara seg å kjøre litt lengre inne i eit område for å unngå omlasting/baklager.

Sørfylket

Vurderingar

I løpet av 2-3 år vil Nord-Jæren stå utan tømmerkai når Sandnes havn blir stengd for utskipping av tømmer. Nærmaste alternativ vil vere Egersund havn. Med høg leigepris, strenge tidsfristar for innkjøring, lossing og lang kjøring på bil, vil dette ikkje vere noko reelt alternativ i praksis.

Sandnes havn er den kaien det er levert mest tømmer over dei siste to åra, med totalt 42 000 m³. Det vil vere alvorleg for skogbruket i regionen dersom ein ikkje får på plass ein ny tømmerkai med akseptable rammevilkår. Hogst i desse områda kan i verste fall bli uaktuelt grunna for lang transport på bil og høge transportkostnader. Sjølv om ikkje desse er av dei tyngste skogområda vil det kome relativt store volum frå planteskogen.

Det er kome eit initiativ frå hamnevesnet i Sandnes kommune om samarbeid med tanke på ein framtidig og ny løysing for levering av tømmer. Det blir viktig å følgje opp dette vidare.

Det er levert lite volum over Egersund hamn, noko som i stor grad skuldast krevjande leveringsvilkår. I forhold til tyngdepunktet for skogressursane i Dalane vil denne kaien vere viktig og sentral både på kort og lang sikt.

Offentleg veg er i denne delen av fylket rimeleg god. I tillegg er det mindre med ferje og bompenger som gjer at vi kan strekke biltransporten over noko lengre avstandar. Vi vil difor vere godt stilt, dersom vi får på plass gode løysingar i Sandnes og Eigersund.

Oppsummert er førsteprioritet for denne regionen å få på plass eit fullgodt alternativ til Sandnes havn som går ut. Sekundært må det arbeidast med å få på plass ei god løysing for skogbruket i Eigersunds-området med akseptable rammevilkår. Begge desse vil vere samarbeidstiltak med ulike aktørar/brukarar. Per dato er det ikkje grunnlag for å gå vidare med skisse til SLF i søknadsrunden for 2013.

Investeringsbehov

For sørfylket må vi rekna 15 – 20 mill kroner ut frå forventa volum over kai. Det er her lagt til grunn at skogbruket vil vere brukbart stilt med disposisjonsrett på om lag 50 - 70 meter kaifront med bra baklagerkapasitet. Stipulert utbyggingskostnad er på 300 000 kr/meter kaifront. Kostnader til tomt og vegtilførsel kjem eventuelt i tillegg.

Ryfylke

Vurderingar

Dette er tyngdepunktet for skogressursane i Rogaland med størst potensiale for hogst.

Søre Ryfylke med Hjelmeland, Strand og Forsand har i dag ei velfungerande og framtidsretta kailøysing med Barnevik i Hjelmeland. Einaste behov på kort sikt, er å få på plass klare kjørereglar/retningsliner rundt levering og bruk av kaien frå andre tømmeraktørar. I tillegg har vi Ombo kai som nyleg er utbetra.

Lengre nord og i vår største skogkommune, Suldal, har vi Berakvam som ligg sentralt med tanke på større framtidige volum. Kaien er i dag for liten for å takle forventa volumauke. SINTEF-rapporten peikar også på dette som ein sentral plass for ei framtidig kailøysing med størst årleg tømmergjennomstrøyming. Med opning av ny Sandsfjord bru vil nedslagsfeltet til kaien auke. Dette er det ikkje teke omsyn til i dei matematiske modellane i SINTEF-rapporten. Det betyr Berakvam sin posisjon styrkast ytterlegare. På kort sikt har vi ei løysing i dag som fungerer, men med tanke forventa volumauke og større båtar er det behov for å auke kapasiteten vesentleg.

Det blir i dag bruka ein del mindre kaiar blant anna på Jelsa, der det er levert relativt mykje tømmer dei siste to åra (12 000 m³). Jelsa kai (kommunal) taklar større båtar, men ikkje sluttlasting. Jelsa er vurdert som uaktuell for oppgradering/ikkje framtidsretta. Vi har Berakvam i nærleiken som fint taklar større båtar i dag og ligg betre plassert i eit etablert industriområde. I tillegg ligg det her godt til rette for fleirbruk og samfinansiering av ei god og framtidsretta løysing. Kommunen er positiv til å legge til rette for utviding av eksisterande kai og vil ta dette inn i rulleringa av kommuneplanen. Tidlegare har også Norsk Stein signalisert at dei også er interessert i å sjå på ei utviding, dvs. ei felleløysing.

Oppsummert har Berakvam førsteprioritet med tanke på store framtidige volum og sentral plassering i forhold til tyngdepunktet for skogressursane. I forhold til prioritering innan fylket, vil ei framtidsretta løysing her vere svært viktig for skogbruket i Rogaland. Det vil her vere behov for å gå nokre rundar med aktuelle samarbeidspartar for å vurdere ulike løysingar/framskaffe grunnlagsmateriale. På dette tidspunktet er det difor ikkje godt nok grunnlag for å gå vidare med skisse til SLF i søknadsrunden for 2013.

Investeringsbehov

Vi ser eit behov på 10 – 15 mill kroner for å takle fleirbruk og forventa volum i Rogaland sin tyngste skogregion. Det er her lagt til grunn at skogbruket vil vere brukbart stilt med disposisjonsrett på om lag 35 - 50 meter kaifront i tillegg til eksisterande kapasitet. Ein føreset også her at det leggjast til rette for god baklagerkapasitet. Stipulert utbyggingskostnad er på 300 000 kr/meter kaifront. Kostnader til tomt vegtilførsel og vedlikehald av eksisterande kapasitet kjem i tillegg.

Nord- Rogaland

Vurderingar

Denne regionen må vurderast på tvers av fylkesgrensene. Sunnhordland og Vindafjord utgjer tyngdepunktet for skogressursane i denne regionen med eit relativt stort hogstpotensiale.

I SINTEF-rapporten blir Etne peika på som eit av dei sentrale områda for utskipping av tømmer med ei årleg gjennomstrøyming på 25 000 m³ som er på nivå med Berakvam i Suldal. Ut frå maritime forhold er det ikkje mogleg å frakte tømmer sjøvegen frå Etne. Det er heller ikkje aktuelt å frakte tømmeret over fjellet nordover. Det betyr at heile dette volumet må fraktast sørover til tømmerkai i Vindafjord. Nærmaste aktuelle kaiar er Søndnåneset og Utbjoa. For å ta unna desse voluma vil det vere behov for å auke kapasiteten vesentleg i dette området.

I tillegg opnar Sandsfjord bru for eit utvida nedslagsfelt for dette området.

Søndnåneset ligg best plassert for å ta unna volum frå nabofylket og i forhold utvida nedslagsfelt i samband med ny Sandsfjord bru. Søndnåneset ligg også sentralt i forhold til tyngdepunktet for skogressursane innafor fylkesgrensa. I tillegg ligg kaien god plassert i fjordsystemet, men har akutt behov for oppgradering for fullverdig bruk heile året, og for å handtere større båtar. Det ligg også til rette for fleirbruk, der blant anna kommunen allereie har gitt klarsignal for utviding.

For å handtere volumauken i størsteparten av denne regionen vil det vere behov for både Søndnåneset, Utbjoa og Dommersnes. Dommersnes vil i tillegg dekke delar av Sveio i Hordaland og delar av Tysvær og Haugesund.

For Tysvær, Bokn og Karmøy og spesielt Nedstrandsområdet vil det vere behov for kai. Nedstrand representerer et klart tyngdepunkt for skogen i dette området, og der Ramsvik peikar seg ut med ideell og sentral plassering, både ut frå skog og maritime forhold. Kaien er i dag eigd av eit oljeselskap, der skogbruket på sikt kan lett komme i skvis. Det vil derfor vere viktig for området å få på plass ein langsiktig og framtidsretta avtale.

Oppsummert har Søndnåneset klar førsteprioritet i denne regionen. Søndnåneset vil liggje sentralt i forhold til eit relativt stort potensielt kvantum på tvers av fylkesgrensene. Kommunen har signalisert at dei vil bidra. Det ligg godt til rette til å få på plass ein fleirbruksløyse med avklarte retningslinjer for alle aktørar. Det er allereie gjennomført forprosjekt for å sjå på kostnader og ulike alternativ. Det er allereie lagt ned store investeringar i vegtilførsel og sjølve kaien som ein ikkje får utnytta fullt ut i dag.

Andreprioritet er å få på plass gode løysningar og langsiktige avtalar på både Dommersnes i Vindafjord og Ramsvik i Tysvær.

Investeringsbehov

Vi vurderer eit behov på 25 – 30 mill kroner for å takle fleirbruk og forventa volum frå både Rogaland og Sunnhordland. Det er her lagt til grunn at skogbruket vil vere brukbart stilt med disposisjonsrett på om lag 80 -100 meter kaifront i tillegg til eksisterande kapasitet som skogbruket har hand om sjølv i dag. Ein føreset også her at det leggjast til rette for god

baklagerkapasitet. Stipulert utbyggingskostnad er på 300 000 kr/meter kaifront. Kostnader til tomt vegtilførsel og vedlikehald av eksisterande kapasitet kjem i tillegg.

Konklusjon

På bakgrunn av dei regionvise vurderingane, tal frå SINTEF-rapporten inkludert Sunnhordland (Etne) og at det ligg til rette for fleirbruk, peikar Nord- fylket og Søndenaeset tømmerkai seg ut som førsteprioritet for utbygging. I tillegg tel det positivt at godkjent plan for utviding allereie er handsama av kommunen, og at det her allereie er lagt ned store grunnlagsinvesteringar som ein ikkje får fullt utnytta i dag.

Ryfylke og Berakvam i Suldal blir gitt andreprioritet. Innafor fylkesgrensene (ser vekk frå Sunnhordland) scorar Berakvam høgast på tømmergjennomstrøyming i SINTEF-rapporten. Det ligg også her til rette for fleirbruk med ein kommune som er positiv til utviding av eksisterande kai. Det må her gjerast ein jobb med å få på plass alle formalitetar – kommuneplan m.m. Det betyr og at eventuell utbygging av Berakvam ligg lengre fram i tid og ikkje er reell å få klar i denne søknadsrunden.

Sør-fylket og Sandnes blir gitt tredjeprioritet. Her vil det vere viktig å følgje opp initiativ frå Havnevesnet i Sandnes for å kome tidleg i inngrep rundt eventuelle lokaliseringalternativ og for å sikre ein best mogleg løysning for skogbruket. Det er nå "toget" går. I Eigersundsområdet bør det på kort sikt jobbast for å få på plass betre rammevilkår utan å gå inn med store investeringar.